

**Fra:** Else-Marie Brobakke Aarø (Else-Marie.Brobakke.Aaro@hfk.no)

**Sendt:** 29.06.2018 14:41:57

**Til:** 'jvaa@os-ho.kommune.no'

**Kopi:** Andreas Ask; Mette Nora Sætre

**Emne:** VS: Re: Søkjarkonferande - Program for folkehelsearbeid i kommunane

**Vedlegg:** image001.png;image002.jpg

Til Os kommune

Kommuneoverlege Jon Vangdal Aamaas,

Viser til e-post motteken i dag der Os kommune ber om utsett frist til 15.august 2018 for å søkje opptak i tiltaksprogrammet program for folkehelsearbeid i kommunane.

Vi må dessverre seie nei til utsett frist. Vi har knappe tidsfrister til Helsedirektoratet i år for å melde inn kommunar og tema. Vi har sett søknadsdato frå kommunane så seint det er mogeleg opp mot dei fristane vi har og kan derfor ikkje ta imot søknader etter fristen som er sett i utlysinga.

Det vil bli ei ny opptaksrunde i programmet seinare. Vi kjem til å melde søknadsdato med lenger frist enn i år. Vi kjem også til å invitere til søkjarkonferanse i samarbeid med FoU-miljø for å legge til rette for samarbeid om utvikling av gode tiltak og prosjekt. Alle kommunar som ikkje har søkt i år vil då få høve til å søkje seg inn i tilskotsordninga i neste opptaksrunde.

Os kommune har ikkje søkt på tilskotsmidlane fylkeskommunen lyser ut årleg til folkehelsearbeid. Årleg søknadssum her er kr 145 000. Om de ønskjer det kan vi opne opp for at de kan søkje om desse midlane for 2018. Ta gjerne kontakt med oss om dette.

Beste helsing

**Else-Marie Brobakke Aarø**

seniorrådgjevar

Regionalavdelinga | seksjon for næring og lokalsamfunnsutvikling



Mob: 924 79 790

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

----- Forwarded message -----

From: "Jon Vangdal Aamaas" <[jvaa@os-ho.kommune.no](mailto:jvaa@os-ho.kommune.no)>

Date: Fri, Jun 29, 2018 at 1:22 PM +0200

Subject: Re: Søkjarkonferande - Program for folkehelsearbeid i kommunane

To: "Andreas Ask" <[Andreas.Ask@hfk.no](mailto:Andreas.Ask@hfk.no)>

Hei

Os kommune i Hordaland ønsker å søke om tilskudd men får ikkje anledning til dette før etter fristen er gått ut. Ber om at me får søle innad 15 august 18.

Jon Vangdal Aamaas  
Kommuneoverlege.

Sendt fra min Samsung Galaxy-smarttelefon.

----- Opprinnelig melding -----

Fra: Andreas Ask <Andreas.Ask@hfk.no>

Dato: 09.05.2018 15:26 (GMT+01:00)

Til: Kommunane i Hordaland - Alle <D-Kommunane\_i\_Hordaland\_-\_Alle@hfk.no>

Ko: "Iversen, Erik" <erik.iversen@bergenclinics.no>, Kjell.Stormark@uni.no, ellen.haug@uib.no, rita.agdal@hvl.no, Jens.Christoffer.Skogen@fhi.no, Else-Marie Brobakke Aarø <Else-Marie.Brobakke.Aaro@hfk.no>, Aina Haugstad <Aina.Haugstad@hfk.no>, Jens Harald Garden <Jens.Harald.Garden@hfk.no>, Hanne Espe <Hanne.Espe@hfk.no>, Anne Mette Nesje Porten <Anne.Mette.Nesje.Porten@hfk.no>

Emne: Søkjarkonferande - Program for folkehelsearbeid i kommunane

## **Invitasjon til kommunar i Hordaland om deltaking på søkjarkonferanse til program for folkehelsearbeid i kommunane.**

Vi oppmodar at invitasjon delast med tilsette med ansvar for folkehelse, planlegging, psykisk helse og/eller frivillig arbeid i kommunen.

Hordaland fylkeskommune inviterer kommunar i Hordaland til søkjarkonferanse om program for folkehelsearbeid den 25. mai.

Vi viser til nyheit om at Hordaland har lyst ut tilskotsordninga 2018-2023, med høve til å søkje for år 2018:  
<https://www.hordaland.no/nn-NO/folkehelse/program-for-folkehelsearbeid-i-kommunane/>

Kommunar som verte interessert å søkje seg inn i ordninga, oppmodast til å melde seg på søkjarkonferansen.

### **Praktisk info om søkjarkonferansen:**

*Hensikt for dagen:* Skape møtepunkt mellom interesserte søkjarkommunar og FoU-miljøa, for dialog om søknadsskriving og mogelegheiter for tiltak.

*Deltakande FoU-miljø:* Korus Vest, RKBU Vest, Høgskulen Vestlandet og Universitetet i Bergen HEMIL-senteret.

*Sted:* Grand Terminus Hotel i Bergen, *Når:* 25. mai kl. 10:00-15:00

### *Program for dagen:*

09:45-10:00 – Kaffi og enkel servering

10:00-10:05 – Velkommen til søkjarkonferanse

10:05-10:50 – Helsefremmende tiltaksutvikling ved Korus Vest

10:50-11:30 – Kunnskapsgrunnlaget (*jobbar med innleiar*)

11:30-12:00 – Spørsmål til FoU-miljøa

12:00-13:00 – Lunsj

13:00-15:00 – Dialog og workshop mellom kommunar som ønskjer å søkje i 2018 og FoU- miljøa

*Programmet vil kunne endre seg, avhengig av kva påmeldte kommunar melde inn av behov.*

### **Påmelding: (frist 19.05)**

Dei som ønskjer å delta på konferansen, kan melde frå om dette på e-post til underteikna.

Ver vennleg å oppgi namn, stilling, kommunenamn og eventuelle matomsyn ein bør melde frå om til hotellet.

For at workshop mellom kommunar og FoU-miljø skal enkelt koordinerast, ber vi om at dykk i påmeldinga også skriv kort om førebelse tankar/tema dykk har for utvikling av tiltak.

Dette vil gjere det meir effektivt under workshopen med å kople opp dei ulike FoU-miljøa til dialog med alle deltakarane.

Vi oppmuntrar også til å sende inn spørsmål på førehand til FoU-miljøa. Disse vil da kunne tas opp i plenum før lunsj.

Med venleg helsing

Andreas Ask  
Folkehelserådgjevar  
Seksjon for næring- og lokalsamfunnsutvikling,  
Regionalavdelinga, Hordaland Fylkeskommune



e-post: [Andreas.Ask@hfk.no](mailto:Andreas.Ask@hfk.no)

Tlf: +4745203946